

Intens julemarknad i Rosendal

29.11.2014



Friheimfolket satsa stort på marknaden

Det var bortimot ein genistrek av dei driftige arrangørane i Rosendal å halda julemarknaden i den sentrale garasjen. Der kan den avviklast uansett ver og vind og denne helga skjer det for tredje gongen. Stemningen var intens og publikum tettpakka i dag og stemningen minne mykje om tilsvarende marknader på kontinentet. Det var eit rikhaldig utval av varer og vi kan nema i fleng handarbeid, måleri, smykker, blomar, tovating, nissar, keramikk, putar, lys, julekjeks og spekemat.



Elin hadde kyrkjekontoret sine tilsette som kundar

Uskedalen var også i år solid representert ved Friheim Gardsmat  
og Elins Matgleder og det er ikkje tvil om at dei var fornøgde med  
denne satsinga



Gunvald held koken i musikklaget

Friheim stilte med det meste av familien og produktutvalet var

det same som i fjor: Friheimkorv, uskedalspølse, bacon, sylteflesk, blodpølse, spekepølse og hjortepølse samt grillpølse med kst og bacon. Ein smilande Bjørg Inga Miljeteig slo kategorisk fast at dette er 'den beste messa vi vitjar gjennom året'. Ikke minst gjekk sylteflesket godt unna men også friheimskorven og uskedalspølsa selde bra.



Musikklaget stilte med  
bjelleklangmeister!

Elin Enes og hennar nye medhjelpar var heller ikkje snaue, dei hadde med seg 22 sorter julekjeks av dei 25 som dei har produsert. denne gongen. På topp i statistikken låg dei gamle, gode sirupssnippene og bordstablane som Elin meiner er ein bergensk spesialitet.

Men ein marknad handlar ikkje berre om handel. det er også noko for kulturinteresserte og vi vil setta ein stor strek under divisjonsvinnarane frå Stavanger - Rosendal Musikklag. Dei fekk verkeleg fram julestemningen i eit 'lokale' som også eignar seg for konserter. Hyggjeleg er det også at veteranane held ut - vi skimta veteran Gunvald Friheim frå Uskedalen bak i rekken, Og bjelleklangmeister Vibeke Fredheim Røssland var eit kapitel for seg!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen